

# Orientering til styret i Helse Førde

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 12.07.2018  
Sakhandsamar: Arve Varden/Terje Ulvedal  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per juni 2018**

---

## FAG

### **Ventetid for ventande ved perodeslutt**

Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande er stabilt på 47 dagar i juni (48 dagar i april, 49 i mai). Samla tal ventande pasientar har minka til 4962 i juni (5083 i mai, 4858 i april, 5121 i mars).

### **Helsehjelp starta i perioden – måltal 50 dagar**

Gjennomsnittleg ventetid for dei som fekk starta behandling i perioden, er stabilt på 58 dagar i juni (58 dagar i april, 58 i mai). 2046 fekk starta opp behandling i juni (2110 i mai, 2233 i april, 2069 i mars).

### **Fristbrot samla (ventande/starta behandling) – måltal 0 prosent**

I juni er det registrert 34 fristbrot (16 for ventande/18 der helsehjelp har starta), svarande til høvesvis 0 prosent og 1 prosent. (Etter-registrering i mai: Fristbrot-registreringa endra frå 62 til 42).

### **Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timar)**

Auke i juni til 86 prosent for første time (81 prosent i mai, 80 prosent i mars og april), 65 prosent i juni for oppfølgingstime (64 prosent i mai og april, 65 prosent i mars).

### **Del ikkje møtt**

Minka ytterlegare til 2,21 prosent.

### **Epikrisetider i juni**

Innan ein dag: somatisk del 77,9 prosent.

Innan sju dagar: somatisk del 95,15 prosent, psykisk helsevern 97,06 prosent.

### **Korridorpatientar**

Tre korridorpatientar i juni (ein på ortopedisk FSS, to på medisinsk FSS), svarande til 0,0 prosent.

### **Utskrivingsklare pasientar**

61 døgn i juni (28 Vågsøy, 20 Flora, Gloppen 6, Leikanger 4, Aurland 2, Jølster 1).

### **Stryking av planlagde operasjonar**

I juni var det 521 planlagde operasjonar/13 strykingar (2,49 prosent), stabilt lågt.

## AKTIVITET

### Somatikk

Somatikk	Perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng pasientar tilhøyrande eigen region, (A)	2 221	2 253	(32)	2 110	111	14 137	13 976	161	13 484	653
DRG-poeng pasientar tilhøyrande andre regionar - fakturering av gjestepasientar, (B)	40	48	(8)	60	(20)	226	295	(69)	253	(27)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 261	2 301	(40)	2 170	91	14 363	14 271	92	13 737	626
DRG-poeng pasientar beh andre regionar	177	167	10	135	42	983	979	4	776	207
Sum drg-poeng eigne pasientar	2 398	2 420	(22)	2 245	153	15 120	14 955	165	14 260	860
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	420	379	41	380	40	2 542	2 326	216	2 323	219
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 146	997	149	985	161	7 186	6 090	1 096	5 985	1 201
Tal sjukehusopphald	1 641	1 540	101	1 545	96	9 451	9 567	(116)	9 451	-
Tal polikliniske konsultasjonar	10 271	10 779	(508)	10 385	(114)	63 882	66 862	(2 980)	65 098	(1 216)

#### Perioden

Aktiviteten i perioden var om lag same som føregående år målt i tal behandla/undersøkte pasientar. Samla DRG-produksjon i føretaket i perioden er 6,8 prosent høgare enn året før. Tal dagbehandlingar var 15 prosent høgare enn planlagt. I juni var den polikliniske aktiviteten 5 prosent lågare enn planlagt. Døgnopphald var 6 prosent høgare enn planlagt.

#### Til no i år

Akkumulert ligg aktiviteten 1,1 prosent før budsjettet, målt i DRG-poeng. Føretaket ligg 4,5 prosent før fjorårsproduksjonen målt i tal DRG-poeng (626 poeng). Tal pasientar er om lag det same som i fjor. DRG-poeng frå H-reseptar står så langt for ein stor del av auken. Dagkirurgi/dagopphald har ein vekst på 20,0 prosent mot fjoråret (1201 pasientar). Poliklinisk aktivitet er 1,8 prosent lågare enn fjoråret (1216 konsultasjonar). Vi har same tal heildøgnsopphald som føregående år.

### Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 320	1 532	-212	1 512	-192	8 712	9 082	-370	9 307	-595
Tal utskrivne pasientar	90	92	-2	88	2	509	553	-44	543	-34
Poliklinisk dagbehandling	37	34	3	43	-6	194	213	-19	231	-37
Polikliniske kons. m/refusjon	2 180	2 179	1	2 246	-66	13 274	13 624	-350	14 547	-1 273
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	542	627	-85	429	113	3 660	3 718	-58	3 372	288
Tal utskrivne pasientar	8	17	-9	21	-13	116	103	14	115	1
Polikliniske kons. m/refusjon	230	274	-44	253	-23	1 732	1 716	16	1 567	165
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	75	100	-25	63	12	666	601	65	690	-24
Tal utskrivne pasientar UPH	5	8	-3	6	-1	40	45	-5	52	-12
Polikliniske kons. m/refusjon	1 347	1 485	-138	1 326	21	8 957	9 408	-451	9 497	-540

#### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

Aktiviteten innanfor psykisk helsevern er om lag same som planlagt ved poliklinikkane i perioden. Beleggsprosenten på distriktpsikiatriske sentera (DPS) er 75 prosent i snitt, noko som er litt lågare enn planlagt. Akuttposten hadde 69 prosent belegg i perioden.

Innanfor rus er aktiviteten litt lågare enn budsjett, og gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 72 prosent i perioden.


Akkumulert er aktiviteten litt lågare enn fjoråret innan PHV, og litt høgare innan TSB.

#### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten er litt lågare enn plan for perioden ved poliklinikkane. 83 prosent belegg på UPH i perioden.

Akkumulert er aktiviteten litt lågare enn plan.

Tabellen under syner belegget i klinikkane i sjukehuset i juni og dei siste tolv månadene.



Samla ligg beleggsprosenten på 71. Pasientar på pasienthotellet fell ut av statistikken på grunn av at det i pasientjournalssystemet ikkje er definert sengekapasitet der. Nyføddavdelinga fell også ut, då denne avdelinga ikkje har pasientar (vi tel berre mødrene). Sengepostane registrer i liten grad postoverflytting når dei flyttar pasient over på pasienthotellet (mellom 10 og 15 prosent). Det gjev høgare beleggsprosent på sengepostane enn det reelle belegget. Helse Førde er i ferd med å innføre eit nytt systemet for registrering av belegg, men endringar har ikkje fått effekt ennå. Beleggsprosenten seier ikkje noko om bemanninga på sengepostane.

## ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	148 134	149 000	-867	951 664	957 330	-5 667
Inntekter pasientbehandling	59 350	59 032	318	369 006	363 800	5 206
Øyremerka tilskot	3 013	2 260	753	17 728	13 559	4 169
Andre driftsinntekter / Eigendelar	14 224	13 009	1 215	77 088	76 501	587
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>224 721</b>	<b>223 302</b>	<b>1 419</b>	<b>1 415 485</b>	<b>1 411 191</b>	<b>4 295</b>
Kjøp helsetenester	12 943	12 349	594	76 809	74 285	2 524
Varekostnad	22 456	23 879	-1 423	137 122	147 091	-9 969
Innleige personell	1 333	1 002	332	10 561	5 699	4 863
Personalkostnader	122 138	119 713	2 425	784 563	785 412	-850
Pensjonskostnad	19 295	21 650	-2 356	117 220	129 902	-12 683
Ordinære avskrivningar	6 080	6 333	-253	36 857	38 000	-1 143
Andre driftskostnader	35 203	35 798	-595	210 404	215 337	-4 933
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>219 449</b>	<b>220 724</b>	<b>-1 275</b>	<b>1 373 536</b>	<b>1 395 726</b>	<b>22 190</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>5 272</b>	<b>2 577</b>	<b>2 695</b>	<b>41 949</b>	<b>15 464</b>	<b>26 485</b>
Finansinntekter	- 234	- 117	-117	- 1 062	- 700	-362
Finanskostnader	108	361	-253	559	2 164	-1 606
<b>Finansresultat</b>	<b>-126</b>	<b>244</b>	<b>-370</b>	<b>-504</b>	<b>1 464</b>	<b>-1 968</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>5 398</b>	<b>2 333</b>	<b>3 064</b>	<b>42 453</b>	<b>14 000</b>	<b>28 453</b>
Korrigering pensjonskostnader	-2 356	0	-2 356	-14 134	0	-14 134
<b>Korrigert resultat</b>	<b>3 042</b>	<b>2 333</b>	<b>708</b>	<b>28 319</b>	<b>14 000</b>	<b>14 319</b>

## **Perioden**

Resultatet i perioden blei eit overskot på 3,0 mill. kroner når vi korrigerer for lågare pensjonskostnad, eit positivt avvik på 0,7 mill. kroner. Budsjettet for pensjonskostnaden blir endra i juli i tråd med føringar frå Helse Vest RHF.

Inntekter i perioden var 1,4 mill. betre enn budsjett i juni. Basisramma er lågare enn budsjett. Årsaka er at føretaket ventar å få mindre del av labinntektene som Helse Vest har fått overført som basisinntekt, enn venta. Aktivitetsbaserte inntekter er betre enn budsjett denne perioden. Dette veg opp for H-reseptar som har også i juni har eit lågare nivå enn budsjett. Vidare har vi høgare inntekter frå laboratoria som i tidlegare periodar.

Varekostnadene er igjen lågare enn budsjett. Det er særleg medikament som har eit lågare nivå. Kostnader til løn har eit negativt avvik i juni mot budsjett på 2,8 mill knytt til overtid, engasjement og faste tillegg. Samla har vi 73 færre brutto månadsverk enn for eitt år sidan, og vi har 16 færre netto månadsverk.

Betre saldo enn venta på driftskonto og framleis låg rente gjev betre finansresultat enn budsjettet.

## **Akkumulert**

Korrigert for lågare pensjonskostnader er akkumulert resultat positivt med 28,3 mill. kroner. Budsjettavviket er positivt med 14,3 mill. kroner. Inntekter til Helse Førde er 4,3 mill. høgare enn planlagt. Avviket skuldast høgare inntekter frå H-reseptar (4,0 mill.). Føretaket er no meir à jour med kodinga av H-reseptar enn på same tid førre år. Det kan delvis forklare avviket. I tillegg har vi så langt hatt høge inntekter frå verksemda på laboratoria. Basisinntekter er lågare enn venta. Dette fordi føretaket ikkje forventar å bli kompensert for endring av laboratoriefinansieringa, samt at helseføretaka ikkje får ansvar for finansieringa av legemiddelet Xolair. Lågare kostnader til medikament forklarar avviket for varekostnader (10,0 mill.). Det samla negative avviket på lønsområdet er no 4,0 mill. i høve til budsjett – eit steg tilbake frå førre månad. Lågare kostnader til pensjon vil bli motrekna mot lågare basisinntekt. Lågare andre driftskostnader kan i stor grad forklarast med lågare utgifter til pasienttransport (samla 5,4 mill.).

Finanspostar er 2,0 mill. kroner betre enn budsjettet. Seinare opptak av lån og betre likviditet på kassekredittkonto forklarar resultatet.

## **Medisinsk klinikk**

Juni syner eit samla meirforbruk på omlag 1,0 million kroner. ISF-inntekter syner meirinntekt i høve budsjett. Det er framleis vekst i polikliniske inntekter i juni (0,6 mill.) i høve budsjett. Dette gjeld HELFO-refusjon for laboratoria.

Personalkostnaden har eit meirforbruk på 3,1 millionar kroner i høve budsjett i juni. Dette er i tråd med gitte prognoser. Mange av dei planlagde budsjetttiltaka i klinikken får verknad utover året.

Samla syner rekneskapen eit mindreforbruk på 10 millionar etter seks månader.

Meirinntekt på H-resept området er venta å gå i balanse i løpet av året. Auken i poliklinisk inntekter er auke ved mikrobiologisk - og kliniskkjemisk laboratorium. Dette med bakgrunn i både auka satsar og auka aktivitet.

Klinikken har mindreforbruk innan varekostnad på 1,1 millionar. Dette skuldast lågare medikamentkostnader til H-reseptar. Forbruket av nye medikament som kom med i ordninga frå 1. januar, er blitt lågare enn budsjettet.

Samla er det meirforbruk for personalkostnad på 9,6 millionar kroner etter seks månader. Klinikken skal totalt redusere sine personalkostnader med 28,6 millionar kroner (jf. budsjett 2018). Mange av tiltaka som er budsjettet vil først har verknad utover året. Alle budsjetterte tiltak blir fortløpande følgt opp i klinikken.

## **Kirurgisk klinikk**

Drifta denne månaden syner eit underskot på 0,9 millionar kroner. Inntektene var 0,3 millionar høgare enn budsjettet, medan kostnadene var 1,2 millionar kroner over budsjettet.

Inntektene avvik i all hovudsak med lågare ISF-inntekter på 0,7 mill., medan det var høgare inntekt frå sjølvbetalande pasientar. Klinikken ligg 44 DRG-poeng lågare enn plan. Det negative avviket ligg hos kvinneklinikken og ortopedisk avdeling.

Samla løn ligg denne månaden 1,5 millionar kroner høgare enn budsjettet.

Drifta akkumulert syner eit overforbruk på 6,8 millionar kroner. Inntektene har vore 6,1 millionar lågare enn budsjett, medan kostnadene er 0,6 millionar kroner høgare enn budsjett.

## **Psykisk helsevern**

Totale inntekter i perioden er 0,2 mill. høgare enn budsjett. Vi har hatt større inntekter enn venta for gjestepasientar frå andre føretak i perioden.

Det er framleis høge kostnader til kjøp av behandlingssassar i andre føretak. Vi betalar for fire tryggleiksplassar i andre føretak, og samla sett er kostnaden i perioden 0,7 mill. over budsjett.

Løn til tilsette er lågare enn budsjett, og i perioden er totale personalkostnader 0,3 mill. lågare enn budsjett.

Driftskostnadene er 0,4 mill. høgare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 0,2 millionar svakare enn budsjett.

Bokførte inntekter er 1,5 mill. høgare enn budsjett. ISF-inntekter er litt lågare enn plan, medan inntekter frå gjestepasientar er høgare enn plan. Diverse andre inntekter er litt lågare enn budsjett fordi tre Nordfjordkommunar har trekt seg frå samarbeidet med Nordfjord psykiatrisenter om ambulant team. Samla sett er aktivitetsbaserte inntekter likevel litt høgare enn plan.

Totale driftskostnader er 1,4 mill. høgare enn budsjett i år. Hovudforklaringa er at kostnader til kjøp av behandlingssassar i andre regionar har vore høge på grunn av dyre tryggleiksplassar som må kjøpast frå andre helseføretak. For tida brukar vi om lag 2,4 mill. i månaden for å kjøpe fire slike plassar. Personalkostnadene hittil i år er 4,3 mill. lågare enn budsjettet.

Resultatet hittil i år er 0,1 mill. betre enn budsjett.

## **Stabsområdet**

Stabsområdet har eit positivt avvik frå budsjett på 2,6 millionar denne månaden. Pasienttransport bidreg positivt med 1,0 million. Lønsområdet har eit positivt avvik på 1,6 millionar, av dette utgjer overtid og ekstrahjelp 53 000.

Akkumulert har stabsområde eit positivt avvik mot budsjett på 7,8 millionar. Driftsinntektene er 0,3 millionar lågare enn budsjett, medan driftskostnadene er 8,1 millionar lågare enn budsjett. Pasienttransport utgjer 5,0 millionar av det positive avviket. Samla på lønsområdet ligg vi med eit forbruk som er 2,4 millionar lågare enn budsjettet, av dette utgjer mindreforbruk innan overtid og ekstrahjelp 0,3 millionar.

Tiltaka for budsjett 2018 er i rute og vil vere fullt ut implementert i løpet av året.

## **Budsjetteknisk område**

Basisinntekta har i juni vore 0,7 mill. kroner lågare enn budsjett som følgje av justering av forventa inntekt på labområdet. Det har vore litt lågare inntekter frå pasientar behandla i andre regionar. Når det gjeld øyremarka tilskot er det eit avvik på 1 million kroner som skuldast ei retting av feil frå tidlegare år.

Kostnader til gjestepasientar var i juni om lag som venta. I tillegg har vi handsama pensjonsområdet på same måte som tidlegare år. Budsjettet på området blir justert med verknad frå juli.

Vi har så langt hatt både litt lågare avskrivningar og lågare rentekostnader enn venta (samla 0,5 mill.) som følgje av positiv likviditet. Elles er det berre mindre endringar i høve til budsjett.

## Likviditet


Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 170,5 mill. kroner. Per 1. juli hadde Helse Førde innestående 236,6 mill. kroner på konto.

## Prognose

Sjølv om rekneskapsresultatet så langt syner eit positivt avvik, ventar vi framleis å nå det budsjetterte resultatet.


## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i mai 5,4 prosent mot 5,6 prosent førre år. Samanlikna med april har sjukefråværet gått ned med eitt prosentpoeng.

### Månadsverk




Brutto månadsverk i juni var 2260. Dette er 63 færre enn rapportert for same periode i fjor.

Netto månadsverk i juni var 2056. Dette er 14 færre enn rapportert for same periode i fjor.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).  
Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

## Synergi – saker rapportert i mai 2018

Tabellen viser tal melde saker i perioden 01.01.18 – 31.05.18, fordelt på dei ulike sakstypane:



### Pasientrelaterte saker:

Pasientrelaterte saker er tilfelle som omtalar pasientbehandlinga i føretaket.

### HMS-saker:

HMS-saker er tilfelle der det har vore helse-, miljø- eller tryggleiksbrøt som gjev fare for eller har medført skade for tilsett.

### IKT-/informasjonssikkerheitssaker:

Kan gjelde brøt på personopplysningslova og handtering av sensitive opplysningar, anten ved manglar knytt til IKT-system, aktuelle rutinar eller etterleving av desse. Denne månaden er det meldt om at

### Driftssaker:

Driftssaker gjeld hendingar knytt til driftsoppgåver for alle fagområde (administrativ/klinisk).

### Forbetningsområde:

Forbetningsområde er forslag til forbetring, utan at det ligg føre avvik. (Nokre av desse sakene kan vere feilregistrerte, og inneheld eigentlege avvik). Sist måned var mellom anna desse sakene melde:

### Klager/NPS (samhandlingssaker):

Samhandlingssaker er saker som vedkjem samhandling mellom føretaket og kommunane.